

**Jan Morten Myklebust (54) frå Uskedalen har levert oppseiinga si etter å ha vore lufthamnsjef på Stord sidan starten i 1986. Før det var han flygeleiarassistent i 5 år ved Stavanger kontrollsentral.**

**Bladet Sunnhordland skriv i ein leiar at det er ein eldsjel som no går inn for landing. Myklebust seier til media at han ikkje orkar meir og at det er tungt å heile tida måtta gå til politikarane og be om pengar til drifta.**

Leiar skribenten kan godt skjønna Myklebust som har stått på i gode og vonde dagar for den lokale lufthamna. Det har vore nok av vonde dagar Myklebust er kanskje den einaste lufthamnsjef i verda som har måtta takla to ulukke med dødeleg utfall.

I 1998 omkom 9 og i 2006 omkom 4 og gjennom begge stod han opp og tok ansvar. Ikkje eit einaste sekund prøvde han å stikka seg unna, påpeikar Sunnhordland. Avisa trur styret skal leita lenge og vel etter ein leiar som syner like stor dedikasjon og eigarskap til selskapet som Myklebust.

Det er tunge fakta som no ligg på bordet med omsyn til drifta. Sørstokken hadde ved årsskiftet ein negativ eigenkapital på omtrent ein million og årsresultatet for i fjor var 2,4 millioner i minus. Lite aktivitet på Kværner Stord er ein hovudgrunn til situasjonen som Myklebust riktignok trur vil betra seg dei næraste 2 åra. Men sjølv ynskjer han altså ikkje å venta meir på betre tider.

I ein supplerande kommentar til uskedalen.no seier Myklebust at han har hatt ein god og utfordrande jobb i alle dei 26 åra på Sørstokken. Men no er det på høg tid at andre får overta. Han ynskjer og meir tid til familie og friluftsliv, Fram til no har han hatt ein jobb der han har måtte vore til disposisjon for arbeidsgjevar meir eller mindre 24 timar i døgnet.

- Kva skal du gjera no?

- Eg har førebels ingen konkrete planar. Dei kommande månadane vil nok gå med til å læra opp den som skal overta. Iløpet av denne tida vil eg nok klara å bestemma meg for kva eg ynskjer å jobba med dei kommande åra. Mykje tyder på at det vert ein ny jobb innan luftfarten, seier uskedelingen som har vore og er ein eldsjel innan luftfarten.

Av Ola Matti Mathisen